

# Forskrift om skuleregler for Klepp kommune

Heimel: Fastsett av kommunestyret 19.12.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

## § 1. Formål

Formålet med skulereglane er at elevane skal få kjennskap til kva forventingar som blir stilte til dei og at dei kan medverke i skulekvardagen sin. Dei skal bli kjende med sine plikter og rettar. Reglementet skal bidra til at elevane har eit trygt og godt skolemiljø som er prega av eit positivt samarbeid mellom elevar, tilsette og føresette. Saman med førebyggande arbeid skal skulereglane bidra til god orden og åtferd, inkludering og trivsel, og legge til rette for god læring.

Forskrifta legg også føringar for kva brukarorgan skulane skal ha for å sikre medverknad frå elevar og føresette.

## § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alle elevar i Kleppskulen når skulen har ansvar for elevane. Forskrifta gjeld også for skulefritidsordninga og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, som til dømes ved ekskursjonar, overnattingsturar og leirskule.

Skulereglane gjeld også utanfor skuletida i dei tilfella der åtferda til elevane har tilstrekkeleg tilknyting til eller set sitt preg på skulen, blant anna situasjonar der elevane si åtferd på fritida fører til at andre ikkje har det trygt og godt på skulen.

## § 3. Organisering av skoledemokratiet

Opplæringslova § 10-4: «Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planlegge, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling og fastsetjing av skolereglar»

På grunnskulane i Klepp skal det vera desse samarbeidsorgana:

- Elevråd
- Foreldreråd og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)
- Samarbeidsutval (SU)
- Skolemiljøutval (SMU)

**Elevråd:** Innan utgangen av august skal skulen legge til rette for val av elevråd. Alle klasser frå og med 4. trinn skal vere representerte i elevrådet. Skulen kan i tillegg velje å ha med representantar frå lågare trinn. Elevrådet bør bestå av elevar som er motiverte til oppgåva. Eit medlem av undervisningspersonalet på skulen har som oppgåve å hjelpe elevrådet i arbeidet. Denne har møte- og talerett i elevrådet. Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for eit godt lærings- og skulemiljø. Rådet skal kunne uttale seg og komme med forslag i saker som gjeld elevane.

**Foreldreråd og foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU):** Kvar skule skal ha eit foreldreråd der alle som har barn på skulen er medlem. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø. Viser også til føringane i opplæringslova § 10-4. Innan utgangen av september vel foreldrerådet eit arbeidsutval (FAU). FAU vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet. Leiar for FAU skal vere den eine representanten. Det er likevel sterkt tilråda at dette valet blir gjennomført før sommarferien, slik at det er klart til nytt skuleår.

**Samarbeidsutval (SU):** Samarbeidsutvalet skal bestå av to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane frå kommunen skal vere rektor. Den andre er ein politisk utnemnt representant. Utvalet vel sjølv leiar, nestleiar og sekretær. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande organ og har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. Elevrepresentantane skal ikkje vere til stades når saker omfatta av teieplikta blir behandla.

**Skulemiljøutval (SMU):** Kvar skule skal ha eit skulemiljøutval. Utvalet skal bidra til at skulen, dei tilsette, elevane og føresette tar aktivt del i arbeidet med å skape eit godt skulemiljø. I utvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte. Den eine av representantane frå kommunen skal vere rektor. Den andre er ein politisk utnemnt representant. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at elevar og foreldre til saman har fleirtal. Samarbeidsutvalet kan sjølv vere skulemiljøutval. Når samarbeidsutvalet fungerer som skulemiljøutval, må det enten oppnemnast tilleggsrepresentantar for elevane og foreldra, slik at dei samla får fleirtal, eller gje elevane eller foreldra tilleggsstemmar.

## § 4. Reglar for orden

Elevane i Kleppskulen skal vise god orden ved å:

- a. Møte presist på skulen og til undervisning.
- b. Møte førebudd til opplæringa. Ha med bøker, nødvendig utstyr og sikre at nødvendig utstyr er klar til bruk.
- c. Vere til stades og delta i undervisninga heile skuledagen.
- d. Vise gode arbeidsvanar og god arbeidsinnsats.

- e. Gjere skulearbeid til rett tid og overhalde fristar.
- f. Halde orden og ta godt vare på skulen sine eidedelar.
- g. Bidra til å halde skulen sitt område, inne og ute, reint og ryddig.

## **§ 5. Reglar for åtferd**

Gjennom alminneleg god åtferd skal elevane i Kleppskulen bidra til å skape trygge og inkluderande skudemiljø.

Det er god åtferd å:

- a. Bidra til eit godt læringsmiljø for deg sjølv og andre.
- b. Behandle medelevar, tilsette og andre som elevane møter i skulekvardagen med respekt.
- c. Rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette.
- d. Vise respekt for skulen og andre sine eidedelar.
- e. Vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av digitalt utstyr.

Åtferd som ikkje blir akseptert:

- a. Utsetje andre for mobbing og trakassering eller på andre måtar krenkle andre.
- b. Kjem for seint gjentatte gonger eller skulkar.
- c. Bruke mobiltelefon, smartklokker og liknande i skulen og SFO si opningstid.
- d. Jukse eller forsøke på å jukse på prøver eller andre vurderingssituasjonar.
- e. Bruke sykkel, el-sykkel, moped, skateboard, sparkesykkel eller liknande på skulen sitt område i skule- og SFO-tida. Skule og SFO kan gjere unntak, dersom det føreligg sosiale, helsemessige eller pedagogiske omsyn.
- f. Ta eller dele bilet, film eller lydopptak av andre elevar eller tilsette utan samtykke.
- g. Å banne eller bruke grovt språk.
- h. Å forlate skulen sitt område utan løyve.
- i. Ha med eller bruke energidrikk, rusmiddel, tobakk eller snus.
- j. Ha med eller bruke farlege gjenstandar som kan vera til skade for andre.

## **§ 6. Tiltak ved brot på skulereglane**

Skulen skal reagere så snart som mogleg etter at eleven har brote skulereglane.

Klepp kommune bruker følgjande reaksjonar ved brot på skulereglane:

- a. Beskjed, rettleiing eller samtale med elev.
- b. Beskjed eller samtale med føresette (og elev).
- c. Beskjed eller samtale med rektor/avdelingsleiar.
- d. Midlertidig inndraging av gjenstandar som til dømes mobiltelefon, eller andre gjenstandar som forstyrrar arbeidsro og opplæring.
- e. Inndra snus, tobakk, rusmiddel og farlege gjenstandar som kan skade andre.
- f. Restriksjonar på bruk av skulen sitt utstyr eller kor fritt eleven kan bevega
- g. Pause eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar.

- h. Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom eller utstyr kan eleven eller eleven sin føresette bli erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Erstatningsansvaret er avgrensa av skadeerstatningslova § 1-2 for inntil kr.5000. Dersom elevar gjer skadeverk på andre elevar sin eidedelar er dette eit privatrettsleg sak mellom partane.
- i. Heimsending frå skoletur eller andre arrangement i skulen sin regi.
- j. Annullering av prøver, dersom eleven blir tatt i juks.
- k. Nedsett karakter i orden og åtferd.
- l. Bortvising av elev frå undervisning i enkelttimar eller for resten av skuledagen ved alvorlege eller gjentatte brot av skulereglane.
- m. Bortvising av elevar på 8. -10.trinn for inntil 3 dagar ved alvorlege og gjentatte brot på skulereglane
- n. Vedta midlertidig eller permanent klassebyte.
- o. Vedta midlertidig eller permanent skulebyte.
- p. Kontakt med politiet om straffbare forhold.

## **§7. Saksbehandlingsreglar ved regelbrot**

Ved regelbrot skal skulen følgje opp eleven gjennom samtale og rettleiing. Ved behov for å informere føresette, skal eleven i forkant få gje si mening og få informasjon om kva som vil bli fortalt. Sanksjonane skal stå i rimeleg forhold til regelbrotet, alder og modnad.

- a. Kollektiv straff er ikkje tillate.
- b. Sanksjonen skal bli gitt så snart som mogleg etter regelbrotet.
- c. Eleven skal få moglegheit til å forklara seg for den som skal ta avgjersla.
- d. Skulen skal sørge for at avgjersla blir tatt på eit forsvarleg grunnlag.
- e. Skulen skal grunngi avgjersla og den må dokumenterast skriftleg.
- f. Før bortvising, klasse-/skulebyte blir tatt, skal det alltid vurderast om det er mogleg å bruke andre sanksjonar eller tiltak.
- g. Om ein elev vert vist bort frå skulen, skal det alltid avtalast eit gjenopprettande møte når eleven kjem tilbake til skulen.
- h. Sanksjonane må følgje saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak.
- i. Vedtak om midlertidig eller permanent skulebyte kan berre avgjerast av skulesjef.

Ved gjentakande og alvorlege brot på skulereglane, skal det lagast ein plan med eigna tiltak i samarbeid med elev og føresette, for å førebygga at alvorlege brot på skulereglane ikkje skjer igjen. Der det er naturleg kan planar sjåast i samanheng med opplæringslova §§ 12-4 og 12-5

## **§ 8. Omsynet til eleven sitt beste og eleven sin rett til å bli høyrt**

I alle saker som skal behandlast etter forskrift om skuleregler, skal eleven sitt beste vere eit grunnleggande omsyn. Skulen skal ivareta eleven sin rett til å bli høyrt, slik at eleven si mening og medverknad er sentralt i saka.

Skulen må sørge å opplyse om

- Kva saka gjeld
- Kven som vil få informasjon
- Kva avgjersler som skal takast
- Konsekvensar og resultat

Gjennom dette kan elevane ta stilling til om dei vil uttala seg og kva dei vil uttale seg om. Retten til å bli høyrt inneber ein rett for barn til å få vita korleis synspunkta deira har blitt tolka og brukt, og korleis deira deltaking har påverka utfallet.

## **§ 9. Reglar for bruk av mobiltelefon**

Alle skulane skal vere mobilfrie. Mobiltelefon, smartklokker eller liknande, skal ikkje nyttast i skuletida. Skulen kan gjere unntak frå dette dersom det føreligg særlege sosial, helsemessige eller pedagogiske omsyn.

## **§ 10. Melding av straffbare forhold**

Skulen vil som hovudregel melde politiet om straffbare forhold knytt til vald, truslar, ran, tjuveri, skadeverk, deling av krenkjande bilete, omsynslaus åtferd, bruk og innehaving av ulovlege gjenstandar og illegale rusmiddel meir meir. Skulen må gjennomføra ei konkret vurdering av om melding er formålstenleg ut frå alvorsgrad i saka og ut frå alder til eleven. Skulen skal vurdere om saka kan løyast ved gjenopprettande prosess i regi av konfliktrådet. Før skulen melder til politiet, skal saka drøftast med skulesjef.

## **§11. Fysisk inngrisen for å avverje skade**

Tilsette kan, når andre tiltak ikkje er tilstrekkelege, gripe inn fysisk mot elevar for å avverje at ein elev

- Krenkjer ein person fysisk eller utset seg sjølv for fysisk fare
- Skadar eigedom
- Viser ei åtferd som er sterkt fornedrande for eleven sjølv

Det fysiske inngrepene kan ikkje gå lenger enn nødvendig, og det skal stå i eit rimeleg forhold til dei interessene som skal varetakast.

Nytt lovtillegg er under handsaming:

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/dette-er-regjeringens-forslag-til-nar-larere-kan-gripe-inn-fysisk/id3031340/>

## **§ 12. Informasjon**

Skulen plikter å gjøre skulereglane kjent for elevar, føresette og tilsette.

## **§ 13. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2025. Samtidig blir «Ordensreglement for skulane i Klepp kommune» datert 11.04.2019, oppheva.